



Paul Kaarbø Hermansen
Lyngbøveien 103
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2996 - 23/29959

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
20.04.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 352/29 Kårbø

Tiltak: dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 352/29
Tiltakshavar: Paul Kaarbø Hermansen
Ansvarleg søkjar: paul kaarbø hermansen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.04.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vedlagt finn du nytt situasjonskart. Det må påførast avstand til sjø, avstand til nærmaste nabogrense og til kommunal veg.
2. Plan-, snitt- og fasadeteikningane må vere målsett med høgd (gesims og møne) og lengde, både utvendig og innvendig.
3. Planteikning må ha informasjon om kva romma skal nyttast til.
4. Fritidsbustaden er i matrikkelen registrert med bruksareal (BRA) på 192 m². Fritidsbustader skal ha ei maksimal storleik på 120 m² BRA, jf. føresegn 1.6.14 i KDP Meland. Det må søkjast om dispensasjon frå føresegn 1.6.14 ettersom tiltaket ikkje er i samsvar med KDP. Dispensasjon må grunngjevast og nabovarlast.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 20.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Paul Kaarbø Hermansen

Lyngbøveien 103

5164 LAKSEVÅG